

Kunstnarar med tilknytning til kommunen

Konkurransse om innkjøp av kunstdiplom eller eit kunstnarleg arbeid

Sogndal kommune tildeler årleg ut ein kulturpris. Prisvinnaren får eit **kunstnarleg utforma diplom eller eit kunstnarleg arbeid**, og ei pengegåve. Kommunen skal no gjennomføre ein konkurranse om dette, altså «*Innkjøp av kunstnarleg utforma diplom eller anna kunstnarleg arbeid*».

Sogndal kommune inviterer på denne bakgrunn kunstnarar med tilknytning til kommunen, til å *melde seg på konkurransen*. Frist for påmelding er 7. januar 2022. Med påmeldinga skal det sendast ein **kort presentasjon av kunstnaren, gjerne med omtale av kunstnarlege arbeid, innkjøp, utstillingar eller liknande**.

Prekvalifisering

På bakgrunn av påmelding vil juryen plukke ut dei (inntil) 5 best kvalifiserte kunstnarane. Desse vil få tilsendt konkurransegrunnlaget, og vil motta eit mindre beløp som godtgjersle, etter at dei ev. har sendt inn tilbod.

Innkjøp

Innkjøpet av diplom/kunstverk skal gjevast til prisvinnarane for åra 2020 til og med 2023, dvs. 4 år. Vinnaren får slik årleg vederlag for minst 4 eksemplar. Sogndal kommune legg til grunn at denne perioden kan utvidast med 4 nye år.

Jury

Administrasjon ved tenesteleiar for kultur har ansvar for innkjøpet. Til å vurdere innkomne framlegg er det nedsett ein jury. Medlemmer i juryen er kunstnaren [Janne Nes](#), Marianne Hoff, m.a. mangeårig medlem i Balestrand Kunstlag og tenesteleiar for kultur Jon Tvilde.

Ev. spørsmål og påmelding skal sendast på mail til

postmottak@sogndal.kommune.no med kopi til

jon.tvilde@sogndal.kommune.no

Alle som melder seg vil få tilbakemelding.

Med helsing

Sogndal kommune

Jon Tvilde
tenesteleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.